



Arkivnr: 2017/16443-3

Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Inger Lena Gåsemyr

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		23.01.2018

#### Høyring - driftsavtale - Bymuseet i Bergen

##### Samandrag

Saka gjeld høyring av utkast til nye driftsavtalar for Bymuseet, som vart etablert i 2005. Arbeidet er i samsvar med departementet og fylkeskommunen si vektlegging av oppdaterte gode vedtekter. Det å trygge samanhengen mellom vedtekten til eigarstiftingar og den konsoliderte eininga med driftsansvar er viktig. Det er og i tråd med evalueringssrapporten «Evaluering av museumsreformen i Hordaland» sine tilrådingar, som er lagt ved høyringa. Rapporten sine tilrådingar i høve organisering av musea er mellom anna revisjon av avtaleverka mellom eigarstiftingane og dei konsoliderte einingane, reduksjon av tal på eigarstyre og å kartlegge økonomiske midlar/støtte eigarstyrene har tilført musea. I høve utkast til avtalen meiner fylkesrådmannen at den må definere betre kva den skal omfatte. Dette gjeld særlig i høve forholdet mellom drift, vedlikehald, forvalting og frivillig arbeid.

**Økonomi:** Bymuseet får som konsolidert museum offentlege driftsmidlar via fylke, stat og kommunar. Fylkeskommunen har som museums-politisk hovudmål å styrke dei konsoliderte musea si rolle i samfunnet. Eit viktig regionalt verkemiddel for å styrke dei konsoliderte musea sine utfordringar og vidareutvikle gjeldande satsingar frå «Regional plan for museum 2011-2015», er gjennom tilskotsordninga *museumsløft*. Bymuseet har fått tildelt 220.000,- frå museumsløft 2017 til juridisk bistand for revisjon av driftsavtalar, då dette er i tråd med anbefalingar frå evalueringssrapporten om museumsreforma.

**Klima:** Ingen verknad

**Folkehelse:** Museet er ein viktig samfunnsaktørar knytt til arbeid med integrering, inkludering, styrking av lokal og regional identitet og frivillig arbeid.

**Regional planstrategi:** Museet er viktig samfunnsaktør, særleg innan forvalting av samlingar, forsking, formidling og fornying. Museet vil kunne bidra med kunnskap knytt til arbeid med regional plan for areal, natur – og kulturminneressurs.

#### Forslag til innstilling/vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek utkast av driftsavtalar til vitande.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at fylkesrådmannen sine anbefalingar vert innarbeida i revidert avtale og rår til at endring av vedtekter ikkje vert gjort før det føreligg nye driftsavtalar.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling bed om at driftsavtalen vert utforma i tråd med nasjonale, regionale og kommunale føringer.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 15.12.2017

### Bakgrunn

Bymuseet i Bergen vart etablert i 2005. Det vart då utarbeida ein driftsavtale/konsolideringsavtale. Det er i dag 9 eigarstiftingar knytte til Bymuseet, som har avtalar som er tilpassa dei ulike musea sine sær preg. Gjeldande avtalar er difor kompliserte og fungerer dårlig som styringsverktøy. Krav og forventningar til det konsoliderte museet har endra seg sidan 2005. Avtalene bør difor fornyast i tråd med nasjonale, regionale og kommunale føringar. Det er satt ned ei arbeidsgruppe, som har bestått av styreleiar Janicke Runshaug Foss, styremedlem Arvid Nilssen, Rune Rosendahl, Trine Moe og Ketil Natvik frå representantskapet, samlingsleiar Anne Bjørke og direktør Marianne L. Nielsen frå museet sin administrasjon. Rune Rosendahl er gått inn for Gustav Bahus i arbeidsgruppa og Ketil Natvik for Stein Tore Davidsen. Arbeidsgruppa sitt oppdrag har vore å utarbeide forslag til driftsavtalar som:

- Er tilpassa dagens situasjon og også har eit blikk framover
- Ivarera dei ulike musea sitt sær preg
- Er eit styringsverktøy med tydeleg rolle- og ansvarsfordeling
- Bidra til å løfte dei ulike musea fremover

Prosessen starta med felles styreseminar 23.02.2017 for eigarstiftingane, Bymuseets styre og leiargruppe, kommune og fylkeskommune. Det var invitert foredragshaldarar frå Musea i Akershus (MiA) / Østfoldmusea, Norsk Kulturråd og Hordaland fylkeskommune. Det har vore gjennomført 5 arbeidsgruppemøter i løpet av perioden mai-september. Som utgangspunkt for arbeidet vart det henta inn ulike driftsavtalar frå konsoliderte museum. Bymuseet har særleg funne driftsavtalen til Musea i Akershus (MiA) relevant. Arbeidet med revisjon av museet sine driftsavtalar vert og sett i samanheng med Hordaland fylkeskommune sin evaluering av museumsreforma. Etter høyring vil alle innspel bli handsama. Det vil bli gjort ei juridisk vurdering og revidert forslag vil bli utarbeida. Mal til driftsavtale mellom Bymuseet og eigarstiftingane skal godkjennast i styre, som skal handsamast i representantskapsmøte våren 2018.

### Regionale føringar

Bymuseet er eitt av dei 10 konsoliderte museumseiningane i Hordaland, som er ein del av det nasjonale museumsnettverket. Eit hovudmål i den regionale museumspolitikken er at desse musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjoner, og vere profilerte samfunnsektorar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid. Dei får offentlege driftsmidlar via fylke, stat og kommunar.

*Premiss: Kultur Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025* legg føreseielege rammer for regionale satsingar innan museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kunstformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i åra fram mot 2025. Fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å sjå dei ulike ressursane i samanheng, for å styrke samvirket mellom forvaltningsnivå og mellom offentleg, privat og frivillig sektor. For å nå målet om Hordaland som leiande kulturregion inneber dette mellom anna at kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsmiljø, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping. Handlingsprogrammet for 2015-2018 inneheld dei tiltaka som skal bidra til å nå målsetjingane i kulturplanen. Føresetnad for det regionale driftstilskotet til Bymuseet er at verksemda set seg inn i innhaldet i regional kulturplan og arbeider i tråd med dei målsetjingar og tiltak som den gjev for det aktuelle feltet. Fokus på barn og ungdom er ei gjennomgående satsing i kulturplanen. Hordaland fylkeskommune oppmodar difor om å legge til rette også for desse målgruppene.

Regional plan for museum, «*Musea i samfunnet*», er ført vidare i «*Premiss: Kultur regional plan for kultur 2015-2025*». Museumssatsingane er utforma i samsvar med nasjonale føringar, og det

vert føresett at museet sine rapporteringar er i samsvar med nasjonale mål, slik det kjem fram i overføringsbrevet frå departementet. Ein viser også til departementet si vektlegging av oppdaterte og gode vedtekter. Det å trygge samanhengen mellom vedtekten til eigarstiftingar og den konsoliderte eininga med driftsansvar, er viktig.

Museumsstrukturen i Hordaland i dag, med 10 konsoliderte museum, er eit resultat av den nasjonale museumsreforma på 2000-talet. Større museumseiningar skulle mellom anna føre til meir profesjonelle museum. Agderforskning har på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune gjennomført evaluering av reforma i fylket. Har ein nådd måla? Er det utfordringar i kjølvatnet av prosessen? Dette er nokre av dei spørsmåla som forskingsinstitusjonen har undersøkt, og som vert presentert i rapporten «Evaluering av museumsreformen i Hordaland». Rapporten vart handsama i fylkestinget 3.10.2017, der det vart fatta vedtak om at:

1. *Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport Evaluering av museumsreformen i Hordaland til vitande.*
2. *Fylkestinget ser at musa i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellesstenester kjem positivt ut.*
3. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tilak som grunnlag for politikkutforming og satsing i åra 2019-2025. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrke friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og reprentantar frå utvalde kommunar.*
4. *Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar.*

Det politiske vedtaket set særleg fokus på organisering av musea og korleis ein kan styrke frivillig arbeid etter konsolideringa. Rapporten sine anbefalingar i høve organisering er mellom anna revisjon av avtaleverka mellom eigarstiftingane og dei konsoliderte einingane, reduksjon av tal på eigarstyre og kartlegge økonomiske midlar/støtte eigarstyrene har tilført musea;

*«Flere av avtalene mellom eierstiftelsene og de konsoliderte enhetene ble ifølge respondenter til i hastverk, og gir svært stor myndighet for eierstyrene. Det er i flere tilfeller behov for tydeliggjøring av ansvar og rolle fordeling. Avtaleverket mellom de konsoliderte enhetene og eierstyrene bør revideres. Juridisk kompetanse bør trekkes inn i denne prosessen. Målsetting bør være at intensjonen med konsolideringen opprettholdes og at beslutninger vedrørende drift og beslutningsrett på drift, i sin helhet overføres til den konsoliderte enheten. Også myndighet ift bevaring og investeringer bør legges til den konsoliderte enheten. Revisjon av avtaleverkene kan med fordel gjennomføres på overordnet nivå, slik at det kan implementeres for alle de konsoliderte enhetene.»*

### Innspel til utkast til driftsavtale

Fylkesrådmannen gjev innspel til dei punkt i avtalen, som vert vurderte ha konsekvensar for den regionale museumspolitikken. Desse punkta er:

1. Partane; Fylkesrådmannen viser til hovudmålet i den regionale museumspolitikken om at Bymuseet skal utviklast som eit sterkt kunnskapssenter og organisasjon, og vere profilert samfunnsaktør som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.
2. Avtalens bakgrunn og formål;

Her må definering og avgrensing bli betre.

#### 4. Økonomi;

Fylkesrådmannen vil minne om at «eit museum er ein permanent institusjon, ikkje basert på profitt, som skal tena samfunnet og utviklinga av samfunnet og vere ope for publikum; som samlar inn, bevarar/konserverer, forskar i, formidlar og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om menneska og deira omgjevnader med studie, utdannings- og underhaldningssiktemål, jf. Regional kulturplan. Museet får offentlege driftsmidlar via fylke, stat og kommunar. Økonomisk støtte frå fylkeskommunen vert gjeven i sin heilskap til Bymuseet og skal nyttast i samsvar med føringar som føl av tilskotsbrevet.

#### 9. Friviljugheit

Fylkesrådmannen viser til det politiske vedtaket frå fylkestinget 3.10.2017, der ein ber om at ein har særleg fokus på *korleis ein kan styrka friviljugheita etter konsolideringa*. Det frivillige arbeidet i Bymuseet har gått ned med 7,9% frå 2007 til 2016, jf. Evaluéringsrapporten om museumsreforma. Det er difor viktig at ein får fram kva nytte både museet og dei frivillige har av nye driftsavtalar.

#### Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer at utkast til nye driftsavtalar for Bymuseet er i samsvar med evaluéringsrapporten som anbefaler revisjon av avtaleverka mellom eigarstiftingane og dei konsoliderte einingane. Fylkesrådmannen rår til at ein venter med vedtektsendringar før ein har nye driftsavtalar på plass. Det vil òg vere ein føresetnad å få revidert driftsavtalar, dersom andre museum ynskjer å bli ein del av Bymuseet, og i vurdering av ytterlegare konsolideringar.